

| Arkiv | Saksbehandlar | Møtedato | Sak nr. |
|-------|---------------|----------|---------|
| 335.3 | Knut Øyjordet | 18.06.20 | 25/20 |

SØKNAD OM LØYVE TIL Å NYTTE KVEA PÅ SÆTASETRA TIL INNSAMLING OG BEITING AV SAU – EMIL SKOTTLIEN

Saksdokument:

1. E-postar frå Emil Skottlien av 12.08.19, av 03.06.20 og 04.06.20 til fjellstyret.
2. E-postar frå fjellstyret av 20.09.19, av 12.03.20 og 04.06.20 til Emil Skottlien.

Saksutgreiing:

Emil Skottlien søker om å ta i bruk Sætasetre i Randsverk til innsamling og beiting av sau. Han skriv i søknaden (12.08.19):

Jeg har de siste 3 år vært med i Tessand beitelag og slipper sau i området mot Kalvfjellet med utgangspunkt i Pina seter. Periodevis har det vært arbeidskrevende å holde sauene i dette området da de iblant kommer seg rundt sperregjerdet og trekker ned mot Randsverk og videre mot Murudalen og Hovdasmoein. Det kan være utfordrende når de skal drives tilbake oppover mot Pina, og spesielt etter kryssing av Fjellveien virker det som det er vanskeligere å holde dem samlet. I fjor fekk jeg lånt kvea ved Sandbo`s kvilingsseter i Randsverk for innsamling og videretransport, og dette var til veldig god hjelp for å lette arbeidet med å samle og videretransportere sauene. Etter dette har jeg vært i kontakt med driverne av Randsverk camping og har forstått at de ikke lenger har noen interesse i den ubrukte kvea som ligger på oversiden av campingen. Jeg ønsker derfor å søke om å få ta i bruk kvea til bruk for innsamling og beiting. Dersom dette innvilges ønsker jeg å få reparert eksisterende gjerde eller satt opp nytt så snart som mulig, og i løpet av i år og neste år få ryddet kvea.

Fjellstyret gav følgjande svar i e-post av 20.09.19:

Viser til søknaden nedanfor. Den vart tatt opp til drøfting på førre fjellstyremøte den 11. september. Før møtet har vi vore i kontakt med Statskog (v/Trond Berger) og drivarane av Randsverk camping (v/Peter Brag). Sætasetra er noko «spesiell». Fjellstyret fatta vedtak om frifall av setra for ein del år sidan. Statskog inngjekk deretter ei avtale (på 10 år) med eigaren av seterbygningane om at desse følgjer bruket på eit avgiftsfritt feste. Eigarane av Randsverk camping har ytra ønskje om å overta seter-kvea til drifta av campingen, og i rullering av kommuneplanens arealdel for nokre år sidan, vart arealet omdisponert til næringsformål. Det føreligg ennå ikkje noko godkjent reguleringsplan for området. Tilbakemelding vi har fått, så har ikkje eigarane av campingen planar for dette området med det fyrste, men det kan vera aktuelt på sikt. Etter samtale med Statskog v/Trond Berger, så vil det vera mest naturleg at det er Statskog som formelt gjev deg eit eventuelt løyve til å kunne disponere kvea slik du søker om, fordi det ikkje vil dreie seg om ei utvising av beiteareal, men ei ev. avtale om å disponere den for ei periode. Før Statskog behandlar søknaden, vil det vera naturleg at fjellstyret uttaler seg. Fjellstyret vil nok innhente ei uttale frå beitelaget (Tessand beitelag), anten før behandling eller ved utsending av vedtak for ev. merknader.

Så har vi nokre spørsmål om drifta di (omfang sau på beite). Du har ikkje seter i Langmorkje statsallmenning. Stemmer det at du er i samdrift med Steinar Aasgaard (som har Pina seter i nærleiken)? Og ca. kor mange sauer sleppte du/døkk i området i sommar, og ev. om antalet som du vil sleppe på beite framover?

Skottlien svara følgjande i e-post av 03.06.20:

Beklager at jeg ikke har svart før. Etersom jeg ikke fikk noen tilbakemelding før etter at jeg var ferdig med sauesankinga i fjor har jeg nok vært for dårlig til å følge opp dette. Så til spørsmålene:

Jeg har ikke seter i Langmorkje almenning, men har et ønske om å få dette.

Jeg er ikke i samdrift med Steinar Aasgaard men vi samarbeider en god del.

I 2018 slapp jeg 286 dyr, Steinar slapp ca. 20 dyr. På grunn av avlingssvikt i 2018 måtte jeg redusere antallet kraftig og slapp kun 118 dyr i 2019. Steinar slapp ca. 15. I 2020 regner jeg med å slippe 180 dyr. Steinar tror jeg kommer til å slippe ca. 30 dyr. Jeg håper å legge meg på rundt 100 vinterfora framover, dvs. ca. 250 på beite. Steinar har snakket om ca. 20 vinterfora, dvs. ca. 50 på beite.

I svaret frå fjellstyret av 04.06.20 står det m.a. følgjande:

Vi registrerer at du har ønskje om utvising av seter. Nå er reglane slik at det ikkje opna for utvising av seter til drift berre med sau. Det må vera drift som inkluderer storfehold. Det er mange i bygda som har seter i dag og som driv berre med sau, men dei dreiv nok med mjølke-/kjøtproduksjon (storfe) tidlegare, og mange setrer vart også etablerte før Fjellova i 1920. Enkelte brukarar i bygda som driv berre med sau i dag, og som ikkje har seter, er medlem i eit beitelag, og kan såleis sleppe dyra sine i laget sitt beiteområde som er godkjent av fjellstyret. Det er slik du har gjort det dei siste tre åra, at du er knytt til Tessand beitelag.

Det er munnleg vorte stadfesta frå leiaren i Tessand beitelag om at Skottlien er medlem i laget. Og det har ikkje vore negative tilbakemeldingar frå andre beitebrukarar at han slepper sauene frå Randsverk og med beiteområde mot Kalvfjellet.

Vurdering:

Det er ennå usikkert kva som skjer med kvea framover etter at det vart omdisponert frå landbruk til næringsformål i kommuneplanens arealdel. Det er uvisst om og når eigarane av Randsverk camping vil inngå festekontrakt med Statskog med tanke på å innlemme dette arealet i drifta av campinga. Sjølv bygningane på Sætasetra har førre festar av setra ei avtale på 10 år med Statskog (såkalla erklæring), som varer fram til 2022. Det vil da bli tatt ei ny vurdering av kva som skal skje med bygningane.

At Emil Skottlien får eit midlertidig løyve til å nytte seterkvea til beite for sau ved innsamling om hausten skulle berre vera positivt. Han er også medlem i Tessand beitelag, og har eit samarbeid med Steinar Aasgaard som har Pina seter i nærleiken. Båe slepper sauene på utmarksbeite om våren frå Pina seter.

Innstilling til vedtak:

Fjellstyret viser til saksutgreiinga og har ingen merknader til at Emil Skottlien får nytte kvea på Sætasetra til beiting for sau ved innsamling om hausten. Han er medlem i Tessand beitelag, og har eit samarbeid med Steinar Aasgaard som har seter i nærleiken. Det er viktig at eit eventuelt løyve frå Statskog blir gjort midlertidig sidan området er omdisponert til

| Adresse | Telefon | Bankgiro | E-post |
|--------------------------|-------------|---------------|----------------------|
| Postboks 16 2684 VÅGÅ | 61 29 37 37 | 2085.25.13625 | vaga@fjellstyrene.no |

næringsformål i kommuneplanen, med bakgrunn i planane til Randsverk camping om å utvide campingarealet til også å omfatte Sætasetra.

Vedtak:

Rett utskrift. Går til:

Statskog v/Hilde Hammer

Kopi til:

Emil Skottlien

| | | | |
|--------------------------|-------------|---------------|----------------------|
| Adresse | Telefon | Bankgiro | E-post |
| Postboks 16 2684 VÅGÅ | 61 29 37 37 | 2085.25.13625 | vaga@fjellstyrene.no |